



Ordførar Synnøve Solbakken let seg imponera av uteanlegget. Her er ho saman med rektor Vidar Haugland og eit knippe brukarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag 11. februar var dagen då Uskedalen skule opna dørane for alle i to og ein halv time og ordførar Synnøve Solbakken var ein av dei spesialinviterte gjestene. I motsetnad til Uskedal-politikarane, som også hadde fått invitasjon, møtte ho fram. Og ho kvitterte med denne positive attesten etter ein grundig gjennomgang av skulen saman med rektor Vidar Haugland: - Dette er ein god skule med eit godt miljø!



Ordførar og rektor saman på skulebenken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Samstundes noterte ho seg det trengs ein bygningsmessig oppgradering av den eldste delen av skulen og erkjente at ho og dei andre politikarane her har eit ansvar.

- Noko anna som du merka deg, spurde uskedalen.no
- Det fine uteområdet gjorde inntrykk. Det er mange gode lekeapparater og eit rommeleg område for frileik. Og så er det positivt at barnehageområdet på eit vis går over i skuleområdet. Dermed blir det integrering "på førehand" og eg merka meg at dei eldre tok omsyn til dei yngre.

Så la eg merke til at elevane ikkje lenger sit på rekkje i klasseromma, men fire og fire rundt bord. Dei fleste tykte det var fint og gav betre kontakt, men det var også nokre som tykte det var greiare før. Opplegget gjev fin orden og oversikt over bøkene som elevane har ansvar for. Eg trur dette er ein god måte å lære på.

Elevane får også god kontakt med kvarandre.



Ordfører og elev – Synnøve Solbakken og tredjeklassing Emil Bakke Berntsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det pregar ellers denne skulen at elevane er fornøgde og glade, sa ordføraren, som også tykte at Aktivitetshuset var flott og eit framifrå resultat av stor dugnadsinnsats. Kvinnherads nye ordfører legg stor vekt på å vitja så mange institusjonar som mogeleg. Før jul gjorde ho unna sjukeheimane og no er ho godt på tur med skular og barnehagar.



Ann Lisbeth Moen kokar tomatsuppe under oppsyn av lærar Rannveig Helleland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Oppslutnaden om den opne dagen burde ha vore større, men "besteforeldregenerasjonen" var i det minste bra representert. Medan undervisninga gjekk føre seg nesten som normalt stakk dei besøkjande innom og var fluger på veggen.



Frå dramatiseringa av "Sjuande far i huset" (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjuandeklassa med sine 15 elevar og leia av Rannveig Helleland hadde gjort ein ekstra stor innsats for å gjera dagen så vellukka som mogeleg – dei hadde kantineansvaret!

Allereie torsdag hadde dei vore i aktivitet og baka seks store sjokoladekakar og under open dag var dei hektiske med koking av tomatsuppe og sal av produkta. Prisane kunne frista nokon kvar – til dømes var det ein tikroning for suppe med brød og ein femkroning for kake og lefse.

Nytt samanlikna med arrangementet i fjor var at det denne gongen vart avslutta med ei fin samling i Hallen. Førsteklassa med lærar Odd Steinar Arnesen som instruktør hadde stor lukke med dramatiseringa av "Dei tre bukkane bruse" og "Sjuande far i huset" og sjetteklassa hadde reprise på programmet om sola som dei for stutt tid sidan presenterte under ei morgonsamling.

Det nystarta skulekoret song tre nummer og avslutta med ein solsang – heilt i stil med det fantastiske veret.

Av Ola Matti Mathisen



Besteforeldregenerasjonen var godt representert. Her kjøper Margrethe Sundal og Magnus Sæle av sjuandeklassingane Preben Klette Sundal og Rune Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)